
Saksnr: 2020/53201-1**Saksbehandlar:** Thorbjørn Aarethun

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---------------|-------------|------------|
| Fylkesutvalet | | 29.09.2020 |
| Fylkestinget | | 29.09.2020 |

Møteplan 2021 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune

Forslag til innstilling

Fylkestinget viser til saksframstillinga og vedtek framlagte møteplan 2021 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune.

Samandrag

Møteplan for 2021 skal gje rammevilkår for dei folkevalde og administrasjonen si planlegging, førebuing og gjennomføring av møter i folkevalde organ. Ein slik plan vil og gjere det lettare for ålmenta sitt innsyn i vedtaksprosessar i folkevalde organ.

Dei folkevalde organa kan likevel kunne endre møtetidspkt., og fastsette nye møter i samsvar med kommunelova § 11-2.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesrådmannen legg med dette fram sak om møteplan for 2021 i folkevalde organ i Vestland fylkeskommune.

Møteplan for 2021 skal gje rammevilkår for dei folkevalde og administrasjonen si planlegging, førebuing og gjennomføring av møter i folkevalde organ. Ein slik plan vil og gjere det lettare for ålmenta sitt innsyn i vedtaksprosessar i folkevalde organ.

Vedtakskompetanse

I delegeringsreglementet for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune er det i reglement for sakshandsaming lagt opp til at fylkesutvalet behandlar møteplan for året for fylkestinget, fylkesutvalet, hovudutvala, administrasjonsutvalet, fylkesvalstyret, planutvalet og finansutvalet.

Dei andre folkevalde organa som klagenemnda, kontrollutvalet, trafikktryggingsutvalet, valnemnda, medverknadsorgana, yrkesopplæringsnemnda og arbeidsmiljøutvalet vil fastsette eigne møteplanar i sine respektive organ.

Arbeidsutvalet som reviderer delegeringsreglementet har føreslått ei endring av reglementet der kompetanse til å vedta den årlege møteplanen vert flytta frå fylkesutvalet til fylkestinget. Fylkesrådmannen viser til eiga sak om revidering av delegeringsreglementet, som skal opp til handsaming i fylkesutvalet, 17.september og på fylkestinget, 29.september.

Fylkesrådmannen legg derfor denne saka om møteplan 2021 fram for handsaming også til fylkestinget.

Vurderingar og verknader

Fylkesrådmannen vil understreke at møteplanen for 2021 er ein plan som legg føreseielege rammer for framtidige møter i folkevalde organ.

Arbeidsutvalet som reviderer delegeringsreglementet har føreslått ei endring av reglementet der planutvalet vert avvikla. Dersom fylkestinget vedtek ei slik endring i delegeringsreglementet vil sjølvstøtt planutvalet utgå frå møteplanen 2021. Det er lagt opp til ei eiga sak om revidering av delegeringsreglementet, som skal opp til handsaming i fylkesutvalet, 17.september og på fylkestinget, 29.september.

Fylkesrådmannen viser vidare til kommunelova § 11-2, der det går fram at det skal haldast møter i folkevalde organ dersom eitt av tre vilkår er oppfylt:

- a) Organet sjølv, kommunestyret eller fylkestinget vedtar det.
- b) Organets leder mener det er nødvendig
- c) Minst 1/3 av medlemmene krever det.

Dei folkevalde organa vil etter fylkesrådmannen sitt syn derfor kunne endre møtetidspkt., og fastsette nye møter i samsvar med kommunelova § 11-2.

Forslag til møteplan 2021

| | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|-----------------------|-----|-----|-------|-------|-----|-------|------|-----|------|--------|-----|-------|
| Fylkestinget | | | 17/18 | | | 16/17 | | | | 27/28 | | 15/16 |
| Fylkesutvalet | 28 | 18 | 10 | 22 | | 03 | | 25 | 28 | 20 | 25 | 07 |
| Finansutvalet | | | 10 | | | 03 | | | 28 | 20 | 09 | |
| Planutvalet | | 18 | | 22 | | | | | | 20 | | 07 |
| HU SAMO | 12 | 17 | 23 | 27 | 25 | | | | 20 | 12, 26 | 16 | |
| HU KULII | 13 | 17 | 25 | 28 | 26 | | | | 20 | 13, 26 | 17 | |
| HU OPPKO | 14 | 17 | 24 | 27 | 25 | | | | 20 | 14, 26 | 18 | |
| HU NÆRIN | 12 | 17 | 23 | 28 | 26 | | | | 20 | 13, 26 | 17 | |
| Fylkesvalstyre | | | 10 | | 27 | | | 25 | 21 | | | |
| Adm.utvalet | 21 | | | 20 | | | | | 17 | | 24 | |
| Politikardag | | 16 | | | | | | | | 25 | | |

Konklusjon

Fylkesrådmannen foreslår at fylkestinget vedtek framlagt møteplan 2021 i samsvar med delegeringsreglement for Vestland fylkeskommune. Fylkesrådmannen vil i tillegg vise til kommune lova §11-2, om reglar for møter i folkevalde organ, og at dei folkevalde organa med dette derfor vil kunne endre møtetidspkt., og fastsette nye møter i samsvar med kommunelova § 11-2.

Fylkesrådmannen vil og så raskt som råd legge fram sak om møteplan for 2021 i dei andre folkevalde organa.